

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. 36

Herad: Bømlo

Emne: Helsing, Fakter og Åtferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. Tvedt

Gard: Vorland

(adresse): Bømlo

G.nr. 59 Br.nr. 36

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eget og snakk med andre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Folk gir uttrykk for ja ved å bukka med hovudet.
" " " " nei " å riste på "
2. Det var og er ikkje vanleg, men det forekom og forekjem at ein helste også på folk ein ikkje kjende.
3. Det vanlege var at menn helsa fyrst på kvinner.
4. Det kom an på kven ein helsa på. Menn og også kvinner, som helsa på ukjende brukte å seie: "God dag" - "god kveld" eller "god morgon" (alt etter kva tid det var på dagen.
Gutaborn bukka gjerne hovudet med same dei sa: "god dag". Jenteborn neia gjerne utan å seie noko.
5. Ja, var det presten ein skulle helsa på, så tok mannfolk av seg hatten eller hua.
Helsa ein på slektningar eller grannar som ein såg titt og ofte, så sa ein gjerne bare: "Hallo - er du der." eller eit anna utrop t.d. : "Gildt å sjå deg." e.n.l.
Nei, det var ikkje vanleg at ein tok av seg hatt eller hua for bygdefolk, men for embetsfolk tok ein av hatten.
6. Det har eg aldri sett.
7. Nei det var ingen skildnad.
8. Dei handhelsa når dei kom på vitjing - også på dei aller minste borna. Like eins handhelsa kjenningar på kvarandre med kyrkja og når dei møttest til større lag (brudlup eller gravferd).
9. Det kunne nok henda at enkelte klappa på aksla, men det var ikkje det vanlege.
10. Nei, eg har aldri høyrte om at nokon tok av seg hatten for klokking.
11. Men møtte ein eit likfølgje så stod ein stille og tok hatten av inntil likfølgje hadde passert.
12. Nei, det er ukjent.
13. Dette er sp. som eg ikkje kan svara på. Det var nok som no - Du kunne møte ein mann som sa: God dag, og straks etter ein annan som sa: God morgon.
14. Nei, ingen ser noko usømeleg i det, men ein tykkjer at den som seier, god morgon, i 14 - 15 tida er distre (åndsfråvarande).
15. Nei ikkje visse svar.
16. Det er fyrst i den siste tid at einskilde har teke til å slengja frå seg "mårn" heile døgeret rundt.
17. Eg har høyrte gamle folk seia : "Guds fred i huset", men ein sa ikkje dette om ein møtte nokon ute på

- vegen. Då sa ein: "Signe møte". Traff ein folk som stod på arbeid, sa ein alltid: "Signe arbeidet" - eller "Signe kvila" (om dei sat og kvilde). "Signe laget" - og "signe maten" er vel kjende og bruka endå.
18. Dei svara: "Takk, deg det same." eller: "Takk, like eins". Om nokon kvilde, svara dei: "Takk skal du ha".
 19. Han tek oppatt helsinga om han møter folk inne, men er det berre han og verten, tek han ikkje oppatt helsinga, men seier: "God dag i huset, og".
 20. Ein bad om å få snakka med han, og då gjekk dei i bua (Bestestova) eller i gangen - alt etter den vyrdna ein ville syna den framande.
 21. Å banka på døra har vore bruka så langt attende som nokon veit - og er bruka den dag i dag.
 22. Dei som inne var svara: "Kom inn" - Og den som kom inn helsa med "God dag" og "Guds fred i stova". Og fekk svar: "Takk, deg det same". Den framande vart ståande til det vart sagt: "Du får sitja nedpå".
 23. Ja, det var ingen som sette seg, før han vart vist sete.
 24. Ein tok hatten av seg med same ein gjekk inn døra.
 25. Til vanleg sa dei: "Er du ute og går"? eller XXXXXX "Er du så flittig."
 26. Ja, skilna var der. Ein var høfleg mot alle, men hjertelig mot dei ein tykte vel om.
 27. Når den framande hadde helsa, så sa ein gjerne: "Er framand folk ute og ferdast."
 28. Det å turka av stolen er ukjent. Elles er svara i nr. 26.
 29. Innbedne gjester vart helsa velkomne som andre - og gjerne attåt: "Det var gilt De kom."
 30. Ein sa vanleg: "Lev vel." Svar: "Ja, lev vel og".
 31. Det var inga standarhelsing ved sovorne høve. Det var og er individuell helsing frå eit kort "Farvel" - til gråt og jammer.
Men skulle dei ut på langreis t.d. tilsjøs, så fylgde ein den som reiste eit stykke på vegen, og då dei skildest sa han som reiste: "Ja, no må du ha så mange takk for alt godt, og så må du leva så vel." Var det mor kjærret el.kona som stod att, så rann gjerne nokre tårer og så: "Ja, lev vel du og - Måtte det gå deg godt Må Gud vera med deg - og så må du ha lukkeleg reis."
Så kom svar: "Ja, farvel då!" Svar: "Far vel og då."
Kyss og omfavning gjorde ein seg ferdig med heime så ingen såg.
 - b) Trudde ein det var for siste gong (Som i gamle dagar til U.S.A.) så var det gråt og helst lite ord - men ein fylgde så langt ein kunne.
 32. Sjå nr.31
 33. Her er ingen regel. Men det er utenkeleg at menn kyste menn. Det var ektepar, kjærestar og foreldre som kyste som kyste - men berre sjeldan.
 34. Nei, ein hadde ikkje andre uttrykk for å kysse.
 35. Nei, det har aldri vore brukt her.
 36. Nei, det var fordi ein var glad i vedkomande.
 37. Nei, då ville ein trutt at dei var tullet.
 38. Det har eg aldri høyr.
 39. Nei, det var ikkje vanleg.
 40. Har aldri korkje sett eller høyr om det.
 41. Nei, det er også ukjent.
 42. " " " " "
 43. Ei mor kunne nok leggje barnet til kjaken sin.

44. Ein nytta uttrykket "til lukke" i fleire høve, t.d. ved nybygg - ved kjøp av livdyr, fartøy, ved arbeid o.s.b. Elles brukte ein også ordet "gratulerer".
45. Til jol sa folk: "God jul". Andre festdagar t.d. "Godt nyttår" - "God påske" - "God pintse" o.s.b.
Eg har tala med fleire gamle folk her, men ingen av dei veit om at her har vore bruka noko anna ord enn: "Gratulerar" ved nemnde høve.
46. "Eg tykkjer så synd i deg".
47. Å, det var på ymse måtar. Dei kunne seia: "Mange takk for meg" - "Tusen takk for meg" - "Må ha så mange takk for meg". o.s.b.
48. Når dei tok liket ut, så stansa dei i utedøra, sein-ka så kista 3 gonger over dørstokken - og så var det ein av dei eldste menn som (kvar gong kista var lågast) sa med kraftig røyst sa: "Farvel, farvel, f a r v e l.
Noko namn på dette har eg aldri høyrte.
49. Det veit eg ikkje.
50. Det er eit gammalt ord: "Ein skal seia "du" til merra, og "I" til presten.
Ein sa "du" til jamlikar, men bruka alltid "De" eller "I" til eldre folk.
51. Nei, det har ikkje vore bruka her.

+++++++ XXXXXX ++++++

T i l l e g g s l i s t e til nr.36,
Helsing, faktor og åtferd.

- A. Ved forskjellige anledninger.
1. Nei, det er ukjent.
 2. " " " "
 3. " " " "
- B. Ved å sette navn på folk.
4. Min gamle morfar sa (1890): "Du må ikkje gå til folk på juledag, for då snikjer du og bær hundehodet mellom føterne."
 5. Ein sa at "dei vart julabrand".
 6. Nei, ikkje anna enn at ein sa om nokon som ikkje fekk gjort arbeidet ifrå seg i rett tid at "han var ein "drilar"."

.....